



Flyfoto av Lensmannsgården på 1960-talet.
Foto: Normann.

Lensmannsgarden på Varhaug

EIRIK J. VARHAUG OG TOBIAS SKRETTING

Dei som har følgt med i pressa og det politiske ordskiftet i Hå har registrert striden om løa på lensmannsgarden på Varhaug. Skal ho rivast eller rehabiliterast? Kvifor heiter det "lensmannsgarden" og kva historie er knytt til denne staden? Tobias Skretting og Eirik J. Varhaug fortel historia. Sigrid Gausland Nedrebø som vaks opp i huset har lånt oss fotografi frå livet på garden.

Eit lensmannsdynasti

Lensmannsambetet har ei lang historie, frå gammal tid knytt til skipreideordninga. Slik kan me sjå rike tradisjonar i lensmannslekter mellom anna på Hårr og Hobberstad. Men etter at skipreidene vart avvikla, vart også lensmannen knytt til den kommunale organiseringa. I 1897 vart Ingebret Ingebretson Gausland (1838-1913), lensmann i Hå prestegjeld. Dette var frå 1893 delt i Varhaug og Nærbø herad. Om han skriv Torgeir Edland i Gards- og ættesoga:

”Ingebret Gausland var skulemeister og budde hjå morbroren Sven Tolleivson på Torland. I 1865 fekk han kjøpa bnr. 5 av han for 700 dalar. Så gjekk han i gang med nybygging av alle husa sør i marka. Her tok han så fatt på eit stort nybrottsarbeid. Då slåmaskinane kom til Jærs, var han ein av dei første som kjøpte ein slik. Han gjekk og i gang med griseal. Ingebret Gausland kom snart med i det kommunale styr og stell i bygda. Han var ordførar i mange år. I 1897 vart han lensmann i Haa og stod i ombodet til han døde.

”Vidare skriv Torgeir Edland om sonen Ingebret (1871-1940):

”Då faren var død, vart han tilsett som lensmann i Haa frå 1916 til 1934. I 1908 skifte faren garden mellom tri av sønene. Ingebret fekk bnr. 3 og bygde alle husa frå nyom.”

I 1917 gjorde Nærbø og Varhaug heradstyre like-lydande vedtak om at lensmannen i Hå skulle bu på



**I hagen på Lensmanngarden ein dag i 1959.
Frå v. Karl Gausland, Gert Børsheim og lensmann
Ingebret Gausland jr. Foto: Sigrid Gausland Nedrebø.**

Varhaug. Lensmannen busette seg då i ”lensmanns-
huset”, rett på nordsida av I.T.Ueland. Og i 1918
kjøpte han 70 dekar av utmarka frå garden Ævest-
voll av Regine Svendsdotter Varhaug, som var enkje.
Dessutan kjøpte han ein liten part av Reiestad. Han
dreiv også garden på Torland, men denne vart i 1932
overtaken av dottera Liv Bergliot og svigersonen
Brostrup Berner Nærland.

Sonen Ingebret Gausland jr. (1905-1978) vart
lensmann i Hå etter faren. Han vart formelt opp-
nemnd til lensmann i 1934, men hadde då vore kon-
stituert frå 1930. Lensmannskontoret vart flytt frå
gardsbruket til det nye kommunehuset på Varhaug i



I 1925 var våningshuset nytt og då blei det halde bryllaup for Malene og Gert Børsheim. Dagen etter står foreldra utanfor heimehuset:

Frå v. lensmann Ingebret f. 1871 og kona Sevrine Gausland og ekteparet Børsheim.

Foto: Ukjent. P.e.

1961/62. Det var også kontortid 2-3 timar ein ettermiddag i veka i heradshuset på Nærbø. I.I.Gausland avslutta karrieren i 1975, 70 år gammal. Dermed var det slutt på det siste lensmannsdynastiet i Hå med tri Ingebret Ingebretson Gausland etter kvarandre.

Bureising på Varhaug

På det innkjøpte arealet av Varhaug og Reiestad bygde Ingebret nr 2 opp "Lensmannsgarden på Varhaug". Først løe og så eit flott våningshus i 1925. Løa brann i 1932 og den "Lensmannsløa" som står i dag, vart bygd i 1933 på murane etter den første løa. Me har sett at både far og son Gausland også var driftige

bønder og vel vande med å byggja opp fine gardstun. Desse røyntene syner også vel att i det som me i dag nemner "Lensmannstunet". Bygningar og tun representerer det flottaste gardstunet på Varhaug frå si tid. Og både som tun og kulturminne er det noko folk i Hå og på heile Jæren kan vera stolte av den dag i dag.

Alle dei tri Ingebret Gausland var flinke, driftige bønder. Sjølv om I.I.jr. pakta bort gardsbruket frå om lag 1950, var han også bonde. Han følgde nøye med på kva som vart hevda og sådd på jorda, og slappa av med hagearbeid og blomestell. Folk på garden minnst både han og faren som flinke bønder, joviale bygdefolk og rause, hjelpsame naboar.



Familien Gausland på farten. Til venstre er året 1940-41. Yngstebarnet er Sigrid, dotter til lensmannen. Ho sit saman med morali (midten), Leikny og Målfrid Risvoll. Biletet til høgre er teke etter at dei skifta vindauge i 1947. Fru Gausland står ved Mercedesen. Foto: Ingebret Gausland jr.

Den siste Ingebreten hadde nok av legning ei meir autoritær, militær haldning og var meir "embetsmann". Men for naboar og kjentfolk var også han romsleg og lett å vera i lag med. Og då tyskarane under krigen raserte den gamle kyrkjegarden og kapellet på Varhaug, tok han vare på den gamle kyrkjeklokka og hadde ho på høgaloftet i heimehuset til freden kom og kapellet vart bygt opp att. Han og naboane hadde også ein radio som gjekk på omgang under heile krigen. Så der var dei alltid oppdaterte på sendingane frå London.

I 1947 starta Ola Dubland som dreng på garden. Eit par år seinare forpakta han garden i lag med Leif

Vigre. I 1953 overtok Ola forpaktninga åleine. Den 21. mai 1991 var siste dagen det vart mjølka i fjaset. Då vart kyrne selde. Etter 1991 dreiv Ola garden i lag med ein son nokre år fram til utbygginga som bustadfelt tok bort jordgrunnet. Seinare har Ola nytta løa til reparasjon av pallar, vedproduksjon m.m. og samtidig hatt tilsyn med løa. Men tida for lensmannsgarden som aktivt, veldrive gardsbruk, er slutt for alltid.

Lensmann og bygdefar

Den gamle bygdelensmannen hadde ein sentral funksjon i bygdelivet, både som autoritet og meklar. Det nære hopehavet og kjennskapet til folket prega

også embetsutøvinga. Mange småkonflikter kunne roast ned før rolla som politi og rettsfullmektig måtte takast fram. Det var vanleg at folk hadde ærend til lensmannskontoret både på dag- og kveldstid. Lensmannen hadde dessutan lenge ansvaret åleine både kveld og natt. Ein gong han vart tilkalla ved husbråk og slåssing, sa kona i huset: "Det var godt du kom. Eg har alt sett på kaffien." Slike situasjonar var nok ikkje uvanlege i den tida. Men dette noko idylliske tilværet var for ein stor del kome til endes då den siste lensmann Gausland la inn årane.

Lensmannen vart ofte nytta som jurist når gardskontrakter skulle skrivast. Og ikkje minst rolla som auksjonarius tok han rett inn i bygdefolket sin kvardag. I.l.jr. nytta mykje farbroren, Sven Gausland på Torland som auksjonarius og stod sjølv ved sida og førte protokollen. Og Sven med auksjonshammaren var ordhytten og fekk fart på boda og låtten på glid. Slik vart auksjonane også folkeforlystelse anten det nå var hittegoods, husdyr eller skipsvrakmaterial som skulle omsetjast.

Lensmannen var også engasjert som bygdepolitiskar og var den siste ordføraren i Varhaug kommune før kommunesamanslåinga i 1964. Kommunehuset på Varhaug vart bygt i hans tid. Og lensmannsgarden var ein viktig arena for politiske drøftingar, både generell samfunnspolitikk, utanrikspolitikk og lokalpolitikk. Kommunesamanslåinga førte med seg eit ganske varmt konfliktnivå mellom Varhaug og Nærbø. Men sjølv om lensmannen var fødd på

Torland i Nærbø, var han usamd med slekta si der. Diskusjonen mellom dei kunne gå høgt, men dei vart aldri uvener.


Bustadfelt og ny bruk av tunet

Då lensmannsgarden vart omdisponert til utbyggingssområde i 1987, var det lenge på det uvisse med framtida for dei staselege bygningane i tunet. Men både i bygdemiljøet og i politiske fora var det interesse og vilje til å ta vare på denne arkitektoniske og kulturhistoriske perla midt i Varhaug sentrum. Heimhuset vart kjøpt av kommunen i 1992 og teke i bruk som barnehage. Og deretter vart resten av tunet området med løa innløyst.

Etter oppfordring frå politisk hald vart det skipa ein dugnadsgjeng som tok på seg praktisk arbeid i sam-



Illustrasjon av løa laga i 2008 av Marit Aanestad.



band med restaurering av løa. Og i vedtak i Hå kommunestyre 21.04.05 vart det gjort følgjande vedtak:

1. Det blir løyvd kr 400.000 til dugnadsarbeidet med istandsetting av løa på lensmannsgarden.
2. (går på budsjettering)
3. Det blir utarbeidd planar for framtidig bruk av løa. Planane blir lagd fram for politisk behandling ved eit seinare høve.



Det var liv og røre innom- og utomhus i dei 60-70 åra familien Gausland budde her. Til venstre eit foto frå brunnhuset i Lennsmannsløa. "Faster" Anna Aanestad kom kvart år for å baka flatbrød. Foto: Sverre Ulland i 1968. Ovanom er det kaffipause i hagen under arbeidet med å bygga om innvendig i heimehuset rundt 1949-50.

Foto frå Sigrid Gausland Nedrebø.

I løpet av 2005 og 2006 vart det utført om lag 2000 dugnadstimar og halvparten av dei løyvde pengane var brukt. Seinare er det skipa eit vennelag for løa og resten av det utvendige arbeidet er fullført. Dette arbeidet byggjer på eit kommunestyrevedtak frå 8. mai 2008. I dette vedtaket vert det stadfesta at Lensmannsgarden med huset, tunet og løa er ein del av Varhaug og Hå kommune si kulturhistorie som det er verdt å ta vare på. Kommunestyret ønskjer at Lensmannsgarden skal verta ein kulturell møteplass med

særleg tanke på born og unge. I vedtaket vert Rådmannen beden om å gå i dialog med Vennelaget for å utarbeida planar for vidareutvikling av løa.

Vennelaget har følgd opp dette vedtaket og lagt fram ei grundig skisse for vidare framdrift både bygnings-, bruks- og kostnadmessig. Desse planane legg til grunn at løa skal ha ei mest mogleg autentisk arkitektonisk framtoning. Det vert slått fast at bygningen i seg sjølv har ein konstruksjon og byggestil som gjer det naturleg, i hovudsak, å ta vare på den eksisterande rominndelinga. På den måten vil ein ta vare på særpreget og kulturhistoria samstundes som ein nyttar fleksibiliteten og den allsidige bruken løa byr på. Dette planarbeidet skisserer også eit tilbod til kommunen: "Vennelaget tilbyr Hå kom-

mune å ta på seg oppgåva med å utføra rehabiliteringsarbeidet som vert føreslått i denne rapporten (inkludert byggeleing) i løpet av 2009 innafor eit budsjett på 2,87 mill kr eks mva. Vennelaget kan, innafor dette budsjettet, gjera praktiske justeringar i val av løysingar ved gjennomføring av rehabiliteringsarbeidet. Delar av arbeidet vil verta gjort på dugnad."

Slik står saka nå i oktober 2008. Så kan ein berre vona at kommunen følgjer opp vedtaka som er gjorde. Slik vil det vera mogleg å ta vare på kulturhistoria som ligg i dette staselege og tradisjonsrike gardstunet frå førkrigstida. Og slik vil ein også kunna vidareføra desse verdiane i eit etterlengta kulturtilbod til folket i kommunen og vidare utover.